



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

Kategorisering av utlån til små og mellomstore bedrifter som massemarknad

RUNDSKRIV:

11/2015

DATO:

26.10.2015

RUNDSKRIVET GJELD FOR:

Bankar

Holdingselskap

Finansieringsføretak

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

Innleiing

Dette rundskrivet gjer greie for Finanstilsynet sine generelle vurderingar av kategorisering av små og mellomstore bedrifter (SMB) som massemarknad, og presiserer at endringar i kategoriseringsrutinane for IRB-bankar krev godkjenning frå Finanstilsynet.

Bakgrunn – reglar om kapitalkrav

Kapitalkravsforskrifta, som gjennomfører kapitaldekningsregelverket til EU, opnar for å kategorisere utlån til små og mellomstore bedrifter (SMB) som massemarknad. Massemarknadskategorisering inneber redusert kapitalkrav for kredittrisiko som følgje av lågare risikovekt under standardmetoden og redusert korrelasjonsparameter i risikovektformelen i IRB-metoden. For å kvalifisere for lågare kapitalkrav må massemarknadsporteføljen bestå av mange engasjement med tilsvarande eigenskapar og vere veldiversifisert slik at risikoen i porteføljen er betydeleg redusert (jf. kapitalkravsforskrifta §§ 5-8 og 9-1). Vidare må kvart enkelt engasjement vere på under 1 million euro, og for standardmetoden er det òg eit krav om at enkeltengasjement ikkje kan utgjere meir enn 2 % av heile porteføljen.¹

Nærmare om massemarknadskategorisering

Institusjonar som kategoriserer SMB som massemarknad, må ha styrefastsette retningslinjer som avgrensar porteføljen og sikrer at krava til massebehandling, diversifisering og risikoreduksjon er oppfylte. Finanstilsynet har tidlegare kommunisert at beløpsgrensa på 1 million euro er høg for norske forhold og forventar at institusjonane set ei eiga beløpsgrense som er forsvarleg ut frå institusjonen sin portefølje og risikoprofil. Institusjonane må òg regelmessig følgje opp at massemarknadsporteføljen oppfyller krav og retningslinjer, for eksempel som del av IRB-bankane si validering.

IRB-bankane må få godkjend retningslinjene sine for kategorisering som del av søknadsbehandlinga, og dei må da dokumentere at krava til massemarknadskategorisering er oppfylte. Endringar i kategoriseringa krev løyve frå Finanstilsynet etter teknisk standard for modellendringar (Comission Delegated Regulation (EU) No 529/2014 av 12. mars 2014, jf. Finanstilsynet sitt rundskriv 3/2015).

Finanstilsynet vurderer det som spesielt krevjande å dokumentere redusert risiko for mindre aksjeselskap ettersom denne typen selskap generelt har relativt høg risiko. Finanstilsynet stiller derfor strengare krav til dokumentasjon og retningslinjer for å kategorisere slike selskap som massemarknad, enn for å kategorisere enkeltmannsføretak i denne kategorien.

¹ Dei kvantitative grensene gjeld ikkje engasjement med sikkerheit i budstad, som blir halde utanfor i berekninga av samla engasjement.

Standardmetodebankane bør vere spesielt varsomme med å inkludere mindre aksjeselskap i massemarknadsporteføljen ettersom det ikkje er dokumentert lågare risiko for slike engasjement. Finanstilsynet viser òg til at Baselkomiteen i høyringsnotatet om revidert standardmetode har foreslått tilleggskrav til massemarknadsengasjement for å få redusert risikovekt, slik som krav til pantesikkerheit og evne til betening.

Emil Steffensen
direktør for bank- og forsikringstilsyn

Bjørn Andersen
seksjonssjef

Kontaktpersonar:

Spesialrådgivar Inga Baadshaug Eide, tlf. 22 93 99 47,
e-post: inga.baadshaug.eide@finanstilsynet.no

Seniorrådgivar Ingrid Hyggen, tlf. 22 93 99 07,
e-post: ingrid.hyggen@finanstilsynet.no

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

POST@FINANSTILSYNET.NO

WWW.FINANSTILSYNET.NO